



Martabu på Sanden teiknar til å bli ei populær handelsbu også i året 2011 slik ho var det i sekelet frå 1863 til 1962. Men bua blir også eit minimuseum som fortel om handelen i dalen og dagleg kjem det inn nye gjenstandar.

Ei verdfull tilvekst som kom i helga var ei gamal vekt som Galleri Rosendal stilte til disposisjon. og som Rune Nilsen

stillar inn på biletet over.. Vekta er laga av Den Norske Vektfabrik, men ikkje datert.

Under ein spesiell faktura frå Wald Jacobsen i Bergen frå 1915- Den er til Amandus Myklebust og gjeld 'kaapetøi' for kr. 80,15 og 1/2 dusin (6) paraplyar for 15 kroner. Leverandøren har vore så raus at han har pakka ned ein ekstra paraply som gåve. Det blir også opplyst på fakturaen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

